

Nr. 74

RAPPORT

Bente Vatne og Silje Ims Lied

**DANNING I BARNEHAGEN - OM DET
Å VERE MENNESKE.
KVA KAN DANNING HANDLE OM I
BARNEHAGEN.**

Forfattar	Bente Vatne og Silje Ims Lied
Utgjevar	Høgskulen i Volda
År	2016
Serie	Rapport
ISBN	978-82-7661-322-3 (digital utgåve)
ISSN	1891-5981
Sats	Forfattaren
Distribusjon	http://www.hivolda.no/rapport

Danning i barnehagen – om det å vere menneske.
Kva kan danning handle om i barnehagen?

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk..

Rapport / Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda

Vitskaplege og andre faglege arbeid på høgare nivå enn notat. Både forfattar og institusjon er fagleg ansvarlege for publikasjonen. Arbeida kan vere rapportar frå prosjekt/oppdragsverksemd eller reint teoretiske arbeid av eit visst omfang. Rapportane må vere godt gjennomarbeidde med omsyn til innhald, struktur og språk og innehalde referansar. Rapportane skal vere godkjende av anten dekan eller prosjektleiar eller annan fagperson dei har utpeika og FoU-leiar ved HVO.

FORORD

Dette er ein rapport frå prosjektet «*Danning i barnehagen- om det å vere menneske*». Prosjektet vart initiert av kompetansegruppa i seksjon barnehage for ein region på Nord-Vestlandet som samarbeid med Høgskulen i Volda (HVO). Prosjektet er finansiert av fylkesmannen i Møre og Romsdal og dei 5 kommunane som deltok i arbeidet. Mandatet for arbeidet var å auke kompetansen til dei tilsette i barnehagane i kommunane med fokus på kva danning kan handle om i barnehagen. Prosjektgruppa har vore samansett av:

- May Britt Skavnes, barnehagekonsulent, Vestnes kommune
- Gro Toft Ødegård, fagsjef barnehage, Molde kommune
- Greta Grøtta, rådgivar barnehage, Rauma kommune
- Silje Ims Lied, høgskulelektor, Høgskulen i Volda
- Bente Vatne, førstelektor, Høgskulen i Volda

Bente Vatne var høgskulen sin representant i oppstarts- og planleggingsfasen av utviklingsarbeidet. Silje Ims Lied har hatt fagleg ansvar for gjennomføringa av arbeidet. I denne rapporten presenterer vi resultat frå ei spørjeundersøking til pedagogiske leiarane og assistentane som deltok i utviklingsarbeidet. Spørjeskjema genererte svar frå 27 pedagogiske leiarar og 66 assistentar i 12 av dei 14 barnehagane som deltok. Vi sende spørjeskjema til styrarane i kvar barnehage. Desse delte ut spørjeskjema til sine tilsette, samla så inn svara og sende svara samla tilbake til høgskulen.

Vi vil takke kommunane for oppdraget og ikkje minst alle samarbeidspartnarane i arbeidet både gjennom koordinering og deltaking i diskusjonar, og ikkje minst dei tilsette i barnehagane som arbeidde med dette tema på ein engasjert måte. Tusen takk til dei tilsette i barnehagane som tok seg tid til å svare på spørjeskjema

Volda 24.04.16.

Bente Vatne

Silje Ims Lied

Kva kan danning handle om i barnehagen?

Det har skjedd gjennomgripande endringar i det norske samfunnet siste tiåra. Det kommersielle presset mot barn og unge er stort, blant anna gjennom sosiale medium og auka reklamepåverknad. Individualitet, sjølvrealisering og medverknad har vorte sentrale verdier i samfunnet, også for barn og unge (Kjørholt, 2010). Ideologiske spor i vektlegginga av individet framfor fellesskapet har lenge vore tydelege i diskusjonar om norsk skule og er på veg inn i barnehagen. Det enkelte barnet skal møtast som eit individ, med rettigheter når det gjeld eigne tankar og kjensler, ikkje berre som objekt som kan påverke og bli forma. Dette perspektivet er nedfelt både i FN's barnekonvensjon (1989) og i barnehagen sin formålsparagraf (Kunnskapsdepartementet, 2005). I følgje Bjerkestrand og Pålerud (2008) kan vi oppleve ei brytning i barnehagen, mellom ein pedagogikk med fellesskapet som utgangspunkt, og ein pedagogikk med individet som ein betydningsfull aktør. Dette vil truleg også påverke arbeidet med danning i barnehagane.

Danning er på agendaen i utdanningssystemet i Vest-Europa. I Noreg er danning innført som begrep i formålsparagrafen i Lov om barnehagar (Kunnskapsdepartementet, 2005) og er slik på dagsorden i norske barnehagar. Med bakgrunn i dette valde 14 private og offentlege barnehagar i ulike kommunar i ein region på Vestlandet å setje i gong eit utviklingsarbeid med tittel «Danning i barnehagen- om det å vere menneske». Utviklingsarbeidet vart initiert av kompetansegruppa i seksjon barnehage for denne regionen, og dei inngjekk samarbeid med Høgskulen i Volda (HVO). HVO hadde hovudansvaret for både faglege innlegg på dei ulike samlingane, samt rettleiing av barnehagane gjennom heile prosjektperioden.

Hovudmålet med prosjektet var å utvikle kunnskap og danne grunnlag for god praksis omkring læring og danning i barnehagen. Alle tilsette i dei 14 barnehagane som tok del i utviklingsarbeidet deltok på fem felles fagsamlingar med rettleiing mellom samlingane. Kvar barnehage utvikla si eiga problemstilling med utgangspunkt i den einskilde barnehagen sine utfordringar. Utviklingsarbeidet varte i halvtanna år. I etterkant av utviklingsarbeidet gjennomførde vi ei spørjeundersøking til dei tilsette. Vi ville setje søkjelyset på kva danning kan handle om i barnehagen.

Danningsbegrepet er eit relativt nytt begrep i politiske dokument (Steinsholt og Øksnes, 2013) og det vert opplevd som uklart av mange barnehagetilsette. Å forstå begrepet danning og kva det tyder for arbeidet i barnehagen er komplisert. Frå den klassiske danningstradisjonen finn vi ideen om at ein kan oppdra andre, men ein kan aldri danne andre. I følgje Steinsholt og Øksnes (2013) er tanken om at oppdragelse og danning ikkje kan skiljast frå kvarandre både sentralt og avgjerande i fleire danningstradisjonar. Det interessante innanfor norsk barnehagepolitikk er at begrepet oppdragelse vart tatt ut av barnehagens formålsparagraf og erstatta med begrepet danning. Grunngevinga er at dannelsesbegrepet er så omfattande at det også femner om oppdragelse. I Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen

¹(Kunnskapsdepartementet, 2011) blir danning omtala som ein livslang prosess med øving i å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og er ein føresetnad for meningsdanning, kritikk og demokrati. Kva tyder dette og kva konsekvensar har dette for arbeidet i barnehagen? Fleire (mellom andre Steinsholt & Øksnes 2013; Skoglund 2014) problematiserer at danning i Rammeplanen også vert karakterisert som «meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppdragelse og meir enn sosialisering» (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 15) utan å konkretisere kva dette "meir enn" er. Dersom danning skal romme alle desse områda og samstundes skal vere meir enn alt dette, kva kan dette "meir enn" handle om i barnehagesamanheng? Kva konsekvensar har dette for val av innhald i barnehagen der 2/3 av dei tilsette er utan formell pedagogisk utdanning og 9,2 % av pedagogiske leiarar er på dispensasjon frå utdanningskravet (Utdanningsdirektoratet, 2015).

Ideal for danning har tyding for kva innhaldet i barnehagen skal bere preg av. Det er til dømes eit ideal at barn skal medverke i barnehagen og at dei skal vere medborgarar i det livet dei lever her og no (Kunnskapsdepartementet, 2011). Korleis ein forstår begrepet danning, og kva dette «meir enn» tyder kan ha konsekvensar for kva innhald som vert lagt vekt på og prioritert i barnehagen. Ut frå dette stiller vi følgjande spørsmål: *Kva legg pedagogiske leiarar og assistentar i begrepet danning? Kva kan danning handle om i barnehagen?*

Det er gjennomført forskning om danning i norske barnehagar (Ødegaard, et al., 2012; Steinsholt & Øksnes, 2013), men vi har ikkje identifisert forskingsprosjekt som har nytta spørjeskjema som metode, og som har gitt pedagogiske leiarar og assistentar høve til å svare på kva dei legg i

¹ Her etter kalla Rammeplanen

begrepet danning. For å få svar på problemstillinga har vi difor gjennomført ei spørjeundersøking til pedagogiske leiarar og assistentar i 14 barnehagar.

Aktuell forskning

Etter at dannelsesbegrepet vart innført i politiske dokument har fleire forskarar problematisert både lanseringa av dannelsesbegrepet og sjølv forståinga av innhaldet i begrepet slik vi var inne på innleiingsvis. Ikkje minst har Tvetter Thoresen (2013) kritisert prosessen som førte fram til at dannelsesbegrepet vart innlemma i Barnehagelova (Kunnskapsdepartementet, 2005). Ho hevdar det er «en villet politikk» med intensjon om at barnehagen skal vere ein del av opplæringsløpet. Dette synet har ført til at eit så sentralt begrep som oppdragelse har vorte erstatta med danning i Barnehagelova og som underordna danning i Rammeplanen. Slik vi tolkar Tvetter Thoresen framhevar ho oppdragelse som eit begrep på line med danning. Ho skriv at barnehagens praksis krev eit etisk søkjelys i oppdragelsen av barna og ho kritiserer faglitteraturen for at den « (...) hopper bukk over oppdragelse, og omfavner danning» (Tvetter Thoresen, 2013, s. 39). Steinsholt og Øksnes (2013, s. 15) peikar på at danning er eit nytt begrep i politiske dokument og vart eit nytt honnrord som det var viktig å innføre i ulike pedagogiske institusjonar, frå barnehage til universitet og uttalar at: «Danning har kommet snikende inn i barnehagen, antagelig for å bli». Slik vi forstår desse innvendingane så er både innføringa og definisjonane av begrepet danning i politiske dokument vage, og begrepet inneheld det meste av innhald innan pedagogiske område. Dette gjer danning til eit utfordrande begrep for dei tilsette i barnehagen.

Etter at danning vart vedtatt som begrep i politiske dokument initierte Kunnskapsdepartementet hausten 2011 pilotprosjektet «Barnehagens læringsmiljø og dannelsesarena» (Hopperstad & Semundseth, 2015) i seks fylke i Norge. Intensjonen var å konkretisere kva dannelsesbegrepet kan handle om i barnehagesamanheng. Eit av hovudfunna i dette pilotprosjektet er at dei tilsette sjølv opplever at dei er i ein dannelsesprosess i møte med barn si læring og danning. Det å oppleve kor viktige dei er som aktørar gjer noko med korleis dei møter barna i barnehagen. I prosjektet «Barnehagen som dannelsesarena» studerer Ødegaard et. al. (2012) korleis innhaldet i barnehagen blir tilskrive kulturell verdi, korleis praksis utfoldar seg og vert ordna og slik gir barn ein arena for å skape mening og nye identitetar. Pettersvold (2015) har i sitt doktorgradsarbeid sett nærare på samanheng mellom medverknad, danning og demokrati, og studert korleis barnehagen sitt kunnskaps- og demokratioppdrag er knytte til kvarandre. Ho finn at eit

demokratisk ansvar er eit ansvar for eit fellesskap, eit ansvar barn tar på vegne av fellesskapet. Det er det demokratiske ansvaret som er det dannande ansvaret. Pettersvold viser også til at det er svært varierende i kva grad barn er anerkjende som deltakarar med synspunkt som utfordrar vaksne sin dømekraft, privilegium og posisjon.

Teoretisk tilnærming

Overordna tenking i studien er inspirert av Biesta (2009, 2014) som framhevar at det er i handlingar det demokratiske menneske utviklar seg. Barn vil utvikle seg gjennom å vere eit demokratisk menneske i handlinga. Dette samsvarar med synet på å oppfatte barna som subjekt. Å vere eit subjekt betyr å handle og på den måten bringe nye aspekt inn i verda, ifølgje Biesta. Han peikar på at undervisarar må vise interesse for barna sine tankar og kjensler og gi rom for at dei kan reagere på deira eigne, unike måtar. Ikkje minst må vaksne utfordre barn til å reagere. Dette kan ein sjå i samanheng med barn sin medverknad og danning der vaksne let barn sine stemmer bli synlege både for barnet sjølv og for fellesskapet.

Biesta (2014) peikar på at pedagogiske prosessar og praksis fungerer i tre dimensjonar, også framstilt som tre sentrale formål med utdanning. Det eine område er kvalifisering, som handlar om å tileigne seg kunnskap, ferdigheiter, verdiar og evner som gjer barna i stand til å fungere i det samfunnet dei er ein del av. Det andre område er sosialisering som han definerer som korleis vi gjennom utdanning blir inkludert i eksisterande tradisjonar, handlings- og væremåtar innan sosiale, kulturelle og politiske felt. Det tredje og siste område Biesta framhevar er subjektivisering. Her legg han vekt på utdanninga si interesse for subjektiviteten eller subjektiteten hjå dei vi utdannar². Det handlar om sjølvbestemming, frigjering og fridom og det ansvaret som denne fridomen fører med seg. Biesta uttrykkjer følgjande:

Pedagogikkens svakhet står på spill i alle disse tre dimensjonene, men hvor sterkt vi verdsetter denne svakheten, er helt avhengig av hvor sterkt vi mener at utdanning ikke bare dreier seg om å reprodusere det vi allerede vet, eller det som allerede finnes, men bunner i oppriktig interesse for hvordan nye begynnelser og nye begynnere kan «komme til verden». (Biesta, 2014, s. 27)

²I denne samanhengen barna i barnehagen

Vi forstår Biesta slik at dette ikkje berre handlar om korleis barnehagen kan bidra til å forstå samfunnet rundt seg, men først og fremst om korleis barnehagetilsette kan støtte barn i å involvere seg i verda, og slik bidra til i utviklinga av samfunnet. Biesta (2014) sitt tredje område, subjektivering, har vorte ein dominerande diskurs i norsk barnehagesamanheng (Østrem, 2012; Løkken, 2013). I kontrast til Biesta som er opptatt av utdanning og undervisning finn vi Østrem (2012) som legg vekt på forståinga av barn som politiske subjekt og som : « (...) ikke primært defineres ut frå personlige og psykologiske kategorier» (s. 129). Eit eksempel er at dersom barnet gjer motstand må ein sjå dette i samanheng med det motstanden er retta mot, altså motstand mot noko utanfor barnet sjølv, ikkje som motstand som ein finn i barnet. Dette perspektivet på danning, at barns opposisjon er noko som kan identifiserast ved hjelp av spesialpedagogiske eller psykologisk baserte kartleggingsverky, kan i følgje Østrem (2012,s. 130) vere problematisk « ut fra intensjonen om å fremme barns danning som politiske subjekter».

Vi kan ha fleire tilnærmingar til dannelsbegrepet. I følgje Løvlie (2011) skjer danning som sjølvskaping i møte med verda, kulturen og lærestoffet. Vi kan ikkje danne eit anna menneske, men vere nokon i møte med den andre. Vi påverkar kvarandre og blir ein del av kvarandre sin dannelsprosess. Sjølvdanning er mennesket si eiga aktive verksemd. Dette er ein prosess som skal styrke barnet slik at det får høve til å utvikle og realisere moglegheitene sine. Danning er integrert i barnehagen sine grunnleggjande verdiar, som nestekjærleik, solidaritet, toleranse og respekt. Dette er menneska sitt handlingsrepertoar og verdiane som er ein del av limet i samfunnet. I følgje Løvlie (2011) er ein barnehage som tek vare på barndommen den barnehagen som best stettar barnehagen sitt mandat. I barnehagen sin pedagogiske tradisjon står begrep som omsorg og leik sentralt. Dette er henta frå ein ide om kva barndom bør være, og om kva behov barn har. Å ivareta barndommen sin eigenverdi må ligge til grunn for korleis det vert arbeidd med læring og danning.

Løvlie (2011) peikar på at demokratiet er avhengig av menneske som er reflekterte, aktive og kompetente deltakarar i samfunnet. Samstundes står individ og demokrati i eit gjensidig forhold fordi ein må forstå dannelsbegrepet som ein vekselverknad og interaksjon mellom individ og samfunn, mellom subjektet og det som Løvlie omtalar som det tredje. I denne samanheng kan det handle om innhaldet i barnehagen. At det også handlar om innhaldet i barnehagen er eit viktig

tillegg slik at forståinga av danning ikkje berre handlar om sjølvanning. Omfattande fokus på sjølvanning kan føre til ein einsidig subjektivisme i vaksne sin omgang med barn, i følge Løvlie (2011).

Søndenå (2013) framhevar eit viktig skilje mellom ulike former for dannelsingsprosessar. Det er både den dannelsingsprosessen ein som barnehagelærer er ansvarleg for overfor barnehagebarn, og den danninga som ein sjølv som vaksen og barnehagelærer er ein del av. Barnehagelæraren sin pedagogiske autoritet føreset at ho har gjennomført ei profesjonsrelevant barnehagelærerutdanning, der filosofering, undring og kvalifisert tenking står sentralt. Søndenå (2013) viser til Peters (1972) når ho framhevar danning som meir enn det einskilde barnet. Det handlar også om sosialt liv og felles ansvar for verda. Barnehagelæraren kan ikkje vite kva ein dannelsingsfundert barnehagepedagogikk gjer med barnet på lengre sikt, «men hun eller han kan håpe og tro at det som erfares i barnehagealderen, ikke bare hjelper til med å skille rett og galt i en konkret situasjon, men at det også på lang sikt motiverer for å handle ut i fra ens egen dømmekraft i ulike situasjoner» (Søndenå, 2013, s. 183). Danning handlar om noko anna enn målbar kompetanse i det pedagogiske arbeidet.

Metodisk tilnærming

I denne studien spør vi kva pedagogiske leiarar og assistentar legg i begrepet danning og kva danning kan handle om i barnehagen. Med inspirasjon frå utviklingsarbeidet «Barnehagens læringsmiljø og dannelsingsarena» (Hopperstad & Semundseth, 2015), vart det, som gjort greie for innleiingsvis, sett i gong eit utviklingsarbeid med tittel «Danning i barnehagen- om det å være menneske» i 14 private og offentlege barnehagar i ulike kommunar i ein region på Vestlandet. Sjølv om dette arbeidet var eit utviklingsarbeid kan det minne om ein form for aksjonsforskning der sentrale kjenneteikn er at prosessen skal vere med å skape ny kunnskap om praksis (MacNaughton & Hughes, 2009). Å utvikle ny kunnskap var også eitt av delmåla for arbeidet.

I denne rapporten presenterer vi resultat frå spørjeundersøkinga til dei pedagogiske leiarane og assistentane som deltok i utviklingsarbeidet. Utvalet er såleis strategisk. Spørjeskjema genererte svar frå 27 pedagogiske leiarar og 66 assistentar i 12 av dei 14 barnehagane som deltok. Dette resultatet speglar situasjonen i norske barnehagar der berre 1/3 av dei tilsette har formell pedagogisk kompetanse (Gulbrandsen, 2009). Vi vil presisere at ikkje alle tilsette i dei tolv

barnehagane svarte på spørjeskjema.³ Vi sende spørjeskjema til styrarane i kvar barnehage. Desse delte ut spørjeskjema til sine tilsette, samla så inn svara og sende svara samla tilbake til høgskulen.

Vi var opptekne av dei tilsette si forståing av begrepet danning og difor valde vi eit semistrukturert spørjeskjema med opne spørsmål der informantane sjølve kunne skrive ned svaret. I denne rapporten presenterer vi datamateriale frå spørsmålet om kva pedagogiske leiarar og assistentar legg i begrepet danning.

Analysen av datamaterialet er inspirert av Giorgi (2009) sin analysemodell. Først studerte vi datamaterialet for å få eit heilskapleg inntrykk av innhaldet. Deretter analyserte vi datamateriale og nytta Biesta (2014) sine tre dimensjonar kvalifisering, sosialisering og subjektivering. Slik vart datamateriale delt i det Giorgi kalla meiningsberande einingar. Vidare analyserte vi svara for å identifisere sitat som kunne kaste lys over kva dei tilsette i barnehagen legg i begrepet danning.

Deltakarane i utviklingsarbeidet deltok på felles fagsamlingar om tema danning, og vart rettleia av faglærar frå høgskulen som også, som nemnt innleiingsvis, hadde det faglege ansvaret for utviklingsarbeidet. Svara på spørsmåla kan difor vere påverka av innhaldet frå fagsamlingane og rettleiinga mellom fagsamlingane. For å få ei betre forståing av kva informantane legg i svara kunne vi ha følgt opp med intervju av eit utval informantar. Dette gav arbeidet ikkje rammer for. Vi har eit lite utval frå tilsette i tolv barnehagar. Dette gir ikkje grunnlag for generalisering, men svara gir oss likevel verdfull kunnskap om kva danning kan handle om i barnehagen. Vi vil vidare presentere resultatata frå spørjeskjemaundersøkinga.

Resultat/Empiri

I presentasjonen av data har vi nytta Biesta (2014) sine kategoriar kvalifisering, sosialisering og subjektivering som analysekategoriar. Formålet med studien er å få kunnskap om kva pedagogiske leiarar og assistentar legg i begrepet danning. Vi vil presisere at hovudintensjonen i studien ikkje er å samanlikne svara frå dei to yrkesgruppene, sjølv om dette fell naturleg nokre stader.

³ I data basert på pedagogiske leiarar finn vi dei som er tilsette på dispensasjon frå kravet til formell pedagogisk utdanning. I data basert på assistentar finn vi også dei som er fagarbeidarar.

Kvalifisering – livslang læring

På spørsmålet om kva pedagogiske leiarar og assistentar legg i begrepet danning svarar begge yrkesgruppene at det handlar om livslang læring eller ein livslang læringsprosess. Det handlar også om møte mellom menneske slik sitatet frå ein pedagogisk leiar viser: «Livslang læringsprosess. Å kunne møte barn og vaksne på deres ståsted. Alle er ikke like, men alle er unike. Omsorg, empati og oppdragelse». Ein anna pedagogisk leiar skriv at ho forstår danning som ein livslang prosess med kunnskap, erfaring og opplevingar som gjer deg til «den du er/blir». Ein av assistentane skriv: «Det er først og fremst en prosess som skjer i møte med mennesker. Det er en livslang prosess. Det handler om å reflektere over egne handlinger og væremåte. Danning skjer i samspill med omgivelsene og andre».

Svar frå fleire av assistentane kan også tyde på at systematisk arbeid med danning kan føre til at dei har meir fokus på sjølvdanning, slik følgjande sitat illustrerer: «Verdier kan sees på som en varig endring. Personlig prosess- egne tanker, følelser, driv. Evne og vilje til å reflektere over egne handlinger og væremåter». Skal personalet bidra til dannelsingsprosessen hjå barna handlar det også om den vaksne si sjølvdanning. Ein av assistentane ser ut til å ha eit utvida perspektiv i forståinga av danning når ho skriv at danning handlar om meir refleksjon, meir anerkjening frå leiinga til å bruke tida på «langsom tenking». Ho vektlegg også ei felles forståing for det pedagogiske arbeidet. Ein annan assistent uttrykkjer seg slik: «Jeg analyserer og tenker mer over situasjoner jeg kommer ut for før jeg handler, griper inn». Ein tredje skriv: «Assosierte det med oppdragelse før, «sitte pent», manerer osv. Vet nå at det rommer mye mer. Det er en livslang prosess over alt vi opplever. Å kunne omgås andre mennesker, ha omsorg og respekt for andre». Slik vi tolkar denne assistenten har arbeidet med utviklingsarbeidet ført til at ho har ei forståing av danningbegrepet som er meir utvida enn før.

Sosialisering - møte med omverda

Begge yrkesgruppene synleggjer oppfatninga av at danning kan handle om sosialisering, og møte med omverda. Danning kan handle om «hvordan vi skaper en god fremtid for alle. Viktige verdier, kunnskap og ferdigheter som vektlegges i barnehagen». Ein skriv: «danning handler om læring uten «bok», læring gjennom arv og miljø. Med livet, erfaring og omverden som mal». Fleire forstår danning som korleis vi vert forma som person og at danning influerer alt ein gjer. Svara kan tyde på at dei forstår danning som ein prosess som skjer både i individet og i fellesskap med andre, men har også fokus på seg sjølve og si rolle i møte med barna. Ein pedagogisk leiar

skriv at ho forstår danning som: «menneskets måte å forholde seg til verden på. Hvordan vi forstår sammenhenger, hvordan vi blir oppfatta av andre». Ein annan skriv: «Å lære barna på best mulig måte å bli selvstendige individer slik at de takler dagens samfunn på en god måte». Mange av informantane oppfattar danning som ein kontinuerlig og aktiv prosess. I denne prosessen må «individet hele tiden ta stilling til impulser fra omgivelsene», slik ein pedagogisk leiar formulerer seg. Måten vi oppfører oss på, og korleis vi behandlar andre blir nemnt både av assistentar og pedagogiske leiarar.

Svara presentert ovanfor kan tyde på at både pedagogiske leiarar og assistentar forstår danning som sosialisering, som ein prosess som skjer både i individet og i fellesskap med andre, men dei tilsette har også fokus på si sjølvanning og si rolle i høve barna. I analysen av datamaterialet fann vi også at både pedagogiske leiarar og assistentar er opptekne av at oppdragelse er ein del av danninga av barna. Sjølv om fleire av informantane svarar at dei forstår danning som livslang læring og det å ha omsorg og respekt for andre, knyt dei også danning til oppdragelse. Svar som: «Normal væremåte, oppførsel, folkeskikk og oppdragelse», «bra oppførsel», går igjen særleg hjå assistentgruppa. Dei knyt oppdragelse både til det å ha folkeskikk, men også til det å kunne ha respekt for kvarandre og å kunne omgå andre menneske.

Subjektivering - å sjå barn som subjekt

Dei pedagogiske leiarar svarar at dei har vorte meir bevisste i forhold til barna og ser barnet meir som subjekt no, enn før dei arbeidde systematisk med danning i barnehagen. Dette kan illustrerast med desse sitata: «Viktigheten av å være nær hvert barn og viktigheten av å se barn som subjekt har økt». Og: «Vi er bevisst barnet som subjekt og som kompetente barn. Prøver å stille åpne spørsmål, og skape undring, og ikke gi svar med en gang».

Mange av dei pedagogiske leiarane er opptekne av at danning kan handle om korleis ein er i møte med barna, og korleis ein kommuniserer med dei. Døme på dette er sitat som: «Mer bevisst på å se barnet og kommunisere med dem. Har mer fokus på barna og anerkjenner dem for dem de er». «Arbeid med danning i barnehagen har lært meg å tenke gjennom ting før man handler. Jeg er blitt mer bevisst spesielt i forhold til å møte barn som subjekt og hvordan vi på avdelingen møter hverandre». Også assistentane synleggjer kor viktig møte med barna og kommunikasjonen mellom barnet og den vaksne er, slik dette sitatet viser: «Tenkjer meir over kva eg gjer og passar på å ikkje behandle barn som objekt». Ein anna assistent peikar på at ein må vere bevisst på

enkeltbarna sine behov. Andre igjen trekkjer fram at arbeid med danning i barnehagen krev at personalet må vere flinke til å samarbeide om å sjå kvart enkelt barn. Ein må respektere kvarandre slik ein er. Både pedagogiske leiarar og assistentar framhevar det å vere tilstade for og med barna i kvardagen. Danning kan også handle om å sette fokus på vaksne som er tilstade. Det handlar om måten ein behandlar barn på, korleis ein snakkar med barna og at ein ser dei slik dette svaret illustrerer: «Det nytter ikke bare med fysisk nærvær, en må være tilstede mentalt også». Danning kan slik handle om auka bevisstgjerung om personalet si rolle. Det handlar blant anna om kor viktig det er å setje barnet i sentrum for eiga utvikling, og at den vaksne si rolle er å støtte barnet i denne utviklinga.

Diskusjon

Innleiingsvis stilte vi spørsmål om kva pedagogiske leiarar og assistentar legg i begrepet danning og kva danning kan handle om i barnehagen. Svara i denne undersøkinga speglar oppfatninga om at danning er livslang læring i tydinga av at danning er ein prosess som skjer både i barnet sjølv og i fellesskap med andre. Det handlar om ei auka bevisstgjerung om personalet si rolle i møte med både andre barn og vaksne i arbeidet i barnehagen. Ei av rollene til den vaksne blir å setje barnet i sentrum for eiga utvikling og støtte barnet i denne utviklinga. Dei tilsette svarar også at danning handlar om oppdragelse. Sjølv om oppdragelse er nedtona i politiske dokument og i faglitteraturen, svarar dei som arbeider med barn til dagleg at oppdragelse er ein del av danninga. Teoretiske perspektiv som kvalifisering, sosialisering og subjektivering kan identifiserast i datamateriale og saman bidra til ei forståing av kva danning kan handle om. Sjølv om vi har prøvd å skilje desse områda frå kvarandre i oppbygginga av rapporten, er dette berre analytisk skilje. I kvardagen overlappar desse områda kvarandre.

Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2011) definerer danning som ein livslang prosess og denne formuleringa har vorte framheva på felles fagsamlingar for deltakarane i utviklingsarbeidet. Det som er interessant er svar som kjem i kjølvatnet av formuleringa «livslang prosess». Det handlar om møte med andre menneske, refleksjon over handlingar og utvikling av kunnskap, erfaring og opplevingar. Det handlar om kvalifisering, det som samla sett gjer deg til den du er. Det handlar om å tileigne seg kunnskap, ferdigheiter, verdiar og evner, slik Biesta (2014) er inne på. Løvlie (2011) framhevar at demokratiet er avhengig av menneske som er reflekterte, aktive og kompetente deltakarar i samfunnet. Samstundes hevdar han at individ og demokrati er i eit gjensidig forhold fordi ein må forstå danningbegrepet som ein vekselverknad

og interaksjon mellom individ og samfunn, mellom subjektet og det som Løvlie omtalar som det tredje. Det tredje kan handle om innhaldet i barnehagen (Løvlie, 2011), noko som er relevante perspektiv då alle barn over eitt år har rett til barnehageplass og 90, 2 % (Utdanningsdirektoratet, 2015) av barn i alderen 1- 5 år har barnehageplass i dag. Ei sentral oppgåve for barnehagepersonalet er å reflektere over kva verdiar ein ønskjer å arbeide med og som er moglege å vidareføre. Fleire av dei tilsette svarar at danning handlar om å førebu barna til deltaking i eit demokratisk liv. Å forstå kva danning handlar om og ha kunnskap om kva innhald som skal prioriterast vil difor vere sentralt.

I datamateriale finn vi at fleire av dei tilsette er opptekne av at danning handlar om å vere reflekterte i møte med barna, slik også Hopperstad & Semundseth (2015) fann i pilotprosjektet om barnehagens læringsmiljø og dannelsesarena. Som ein av assistentane uttrykkjer: «Mer refleksjon - mer anerkjennelse til å bruke tiden på «langsom tenking». Biesta (2014) er oppteken av (ut)danning som handlar om å ikkje berre reprodusere det vi allereie veit, men også av å skape nye situasjonar for barna slik at dei kan tenkje overskridande tankar. Korleis er dette mogleg i barnehagekvardagen? Dei pedagogiske leiarane har erfaring i å reflektere både over si rolle i det pedagogiske arbeidet i barnehagen, og har tileigna seg pedagogisk autoritet gjennom fullført formell barnehagelærerutdanning (Søndenå, 2014).

Gjennom arbeidet med didaktikk i barnehagen skal både pedagogiske leiarar, og assistentar som har arbeidd i barnehagen ei stund, ha erfaring med å diskutere pedagogiske grunnsyn og erfaring med å utvikle ei felles pedagogisk plattform og slik kunne få ei felles forståing for arbeidet i barnehagen. Slik stoda er i dag med mange nytilsette utan slik erfaring i barnehagane, vil det å skape refleksjon over arbeidet i barnehagen vere ei utfordring. Det er difor ei oppgåve både for politiske myndigheiter, barnehageeigarar og styrarar å initiere og leggje til rette for at desse store gruppene får øving i, og erfaring med refleksjon over praktisk-pedagogisk arbeid i barnehagen og ikkje minst støtte til kva innhald og arbeidsmåtar som skal prioriterast. I dette perspektivet er det relevant å peike på at det er assistentane som er mest saman med barna. I følge Steinnes (2014) er assistentane saman med barna 81 prosent av arbeidstida, medan pedagogiske leiarar berre er saman med barna 66 prosent. Ein viktig og positiv faktor i denne samanheng er at erfarne assistentar som har gjennomført utdanning, har tileigna seg ein annan form for kunnskap enn den kunnskapen erfaring har gitt dei. Gjennom teoretisk kunnskap har desse tileigna seg ei ny

forståing som bidreg til refleksjon over handlingane sine, i følge Steinnes (2014). Denne kunnskapen vil vere særst viktig å byggje på og dra nytte av i faglege diskusjonar om innhaldet i barnehagen, og ikkje minst i refleksjon over eigne handlingar i møte med barna.

Fleire av dei tilsette skriv at dei forstår danning også som oppdragelse. Dette er interessant då dei tilsette er dei som er nær barna og skal meistre kvardagen i barnehagen i spenningsfeltet mellom prinsipiell og pragmatisk karakter (Pettersvold, 2014). I følge Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2011) er oppdragelse ein prosess der vaksne leier og rettleier neste generasjon. Gjennom oppdragelsen vert verdiar, normer, tankar og uttrykks- og handlingsmåtar overførte. I definisjonen av oppdragelse i rammeplanen ser vi også likheitsteikn med Biesta (2014) sin definisjon av sosialisering. Med stadig fleire yngre barn i barnehagen vil den vaksne si rolle med å vise veg både gjennom val av innhald og si rolle som oppdragar vere eit viktig bidrag i barns utvikling og gjere dei rusta til å gjere gode i val i eit samfunn der vala er nesten utan grenser. Av debatten skildra innleiingsvis kan ein mest få inntrykk av at oppdragelsesbegrepet er fråverande i politiske dokument. Svare i denne undersøkinga ser ut til å spegle denne debatten der mellom andre Tvester Thoresen (2013) kritiserer prosessen som førte til at begrepet oppdragelse vart nedtona til fordel for danningbegrepet i politiske dokument. I følge Rammeplanen (2011) skal oppdragelse framleis vere ein del av dei tilsette si oppgåve slik både pedagogiske leiarar og assistentar legg vekt på, og er slik ein viktig del av både barns danning og dei vaksne sin sjølvdanning. Sidan assistentane er dei som er mest saman med barna i ein kvardag med store barnegrupper, vikarar og få tilsette, vil oppdragelse i dette perspektivet vere ei naturleg del av danninga slik den klassiske danningstradisjonen framhevar (Steinsholt og Øksnes, 2013).

Ved at personalet har evne og vilje til å sjå det einskilde barnet vil ein kunne sjå barnet som subjekt slik fleire av informantane er inne på. Barn får med dette erfaring med demokratiske prosessar (Pettersvold, 2015). Slik kan barna også få ei forståing av begrepet medverknad. På eit generelt og fagleg grunnlag er dette vesentleg, men tilsette må ta omsyn til eventuelle motstridande interesser blant barna, stadig yngre barn, og i tillegg ta omsyn til dagsrytme, rutinar og andre planlagde oppgåver i barnehagen. Pettersvold (2014) peikar på at det vert stilt krav til kva barnehagen skal oppnå som ikkje nødvendigvis kan sameinast med å realisere fullt ut barns rett til medverknad. For at vallsituasjonar skal bli positive opplevingar for barn, er dei avhengig av

dei tilsette sin kjennskap til og evne og vilje til å sjå det einskilde barnet som ein del av eit sosialt fellesskap (Seland, 2011). Ein må likevel vere merksame på at omfattande fokus på sjølvdanning kan føre til at dei vaksne legg einseitig vekt på barnet som subjekt i sin omgang med barna og mindre vekt på fellesskapet, slik Løvlie (2011) åtvarar mot.

Østrem (2012) hevdar at ein må forstå barn som politisk subjekt og ikkje primært definerer barn ut frå personlege og psykologiske kategoriar. Om vi ignorerer den politiske verkelegheita barnet er ein del av, ignorerer ein også ei verkelegheit det er gode grunnar å yte motstand mot. Slik vi forstår Østrem vil det å fremje barns danning innebere å gi rom for barns motstand. Om ein ikkje har rom for barna sine protestar, vil ein ikkje kunne sjå på barnet som subjekt. I barnehagekvardagen med stadig større barnegrupper, færre tilsette med formell pedagogisk utdanning og yngre barn, vil det å vere medviten om å sjå barnet som subjekt vere viktig, men også meir komplisert enn før. Det vil handle om innhald i barnehagen der ein legg meir vekt på barns medverknad og øving til demokrati, enn førebuande skuleferdigheiter, i følgje Østrem (2012). Biesta (2009, 2014) hevdar at det er *i sjølve handlingane og gjennom å vere eit demokratisk menneske ein kan utvikle seg til eit demokratisk menneske*. Dette er i tråd med å oppfatte barna som subjekt, og slik vi tolkar Biesta vil barns medverknad mellom anna handle om måten menneske samhandlar, lyttar til og respekterer kvarandre i eit fellesskap. Dette vil handle om det å vere nær barnet og møte mellom dei vaksne og barna i barnehagen slik fleire av informantane er inne på.

Kort oppsummering

Denne rapporten er resultatet av ei spørjeskjemaundersøking til tilsette i 14 barnehagar i ein region på Vestlandet som deltok i utviklingsarbeidet «Danning i barnehagen- om det å vere menneske». Hovudmålet med prosjektet var å utvikle kunnskap og danne grunnlag for god praksis omkring læring og danning i barnehagen. Resultata frå dette utviklingsarbeidet viser at sjølv om ein arbeider systematisk med tema danning gjennom utviklingsarbeid i barnehagen er det eit komplisert begrep i praksis. Svara frå både pedagogiske leiarar og assistentar på spørsmålet om kva dei legg i begrepet danning, viser at både perspektivet om livslang læring og oppdragelse femnar dei tilsette si forståing av begrepet. Innanfor perspektivet om livslang læring finn vi det Biesta framhevar som kvalifisering. Informantane viser både til sjølvdanning, refleksjon over si eiga rolle i møte med barna og refleksjon over det innhaldet barnehagen skal bere preg av. At danning også femner om sosialisering viser informantane når dei svarar at dei

har eit utvida perspektiv på danning, som i tillegg til å oppdra barn til demokrati også kan handle om å ta ansvar i møte med omverda. Det siste aspektet informantane legg i danning, er å sjå barnet som subjekt (Biesta, 2014). Dette kan verte ei utfordring i eit samfunn der utviklinga går i retning av ei sterkare individualitetstenking, slik Bjerkestand & Pålerud (2008) framhevar. Arbeidet i barnehagen krev ein balanse mellom barns medverknad og dei vaksne sin oppdragelse av barna, jf. den klassiske danningstradisjonen (Steinsholt og Øksnes, 2013). På bakgrunn av dette vil vi stille spørsmål om det er tid for å revitalisere oppdragelse som del av dannelsbegrepet, både i politiske dokument og i faglitteratur på barnehagefeltet, slik også svara i denne undersøkinga indikerer. Dette vil vere interessant å forske på i ein annan samanheng.

Litteraturliste

Biesta, G. (2014). *Utdanningens vindunderlige risiko*. Bergen: Fagbokforlaget.

Biesta, G. (2009). *Læring retur: Demokratisk dannelse for en menneskelig fremtid*. Oversatt av Marie Schneekloth. København: Forlaget Unge Pædagoger.

Bjerkestrand, M. & Pålerud, T. (2008). *Førskolelæreren i den nye barnehagen - fag og politikk*. Bergen: Fagbokforlaget.

Giorgi, A. (ed.).(2008). *Phenomenological and Psychological Research*. Pittsburg: Duquesne University Press.

Guldbrandsen, L. (2009). *Førskolelærere og barnehageansatte*. Norsk institutt for forskning om oppvekst, aldring og velferd. NOVA Notat 4/2009.

Hopperstad, M. & Semundseth, M. (2015). *Barnehagen som læringsmiljø- og dannelsesarena*. Synteserapport frå pilotprosjekt. Lasta ned 02. mars 2015 frå <http://www.udir.no/Upload/Forskning/2015/Synteserapport%20Barnehagen%20som%20l%C3%A6ringsmilj%C3%B8-%20og%20dannelsesarena.pdf?epslanguage=no>.

Kjørholt, A. T. (Red.).(2010). *Barn som samfunnsborgere – til barnets beste?* Oslo: Universitetsforlaget.

Kunnskapsdepartementet (2014). *Frå førskulelærer til barnehagelærer. Den nye barnehagelærerutdanninga. Mulegheiter og utfordringar. Rapport frå Følgjegruppa til Kunnskapsdepartementet. Rapport nr. 1, 2014.*

Kunnskapsdepartementet (2011). *Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Departementet.

Kunnskapsdepartementet (2005): *Lov om barnehagar*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

Løkken, G. (2013). *Det fenomenologiske*. I S. Haugen, G. Løkken, M. Røthle (Red.).(2013). *Småbarnspedagogikk. Fenomenologiske og estetiske tilnærmingar*. (2. utgåve). Oslo: Cappelen Damm A/S.

Løvlie, L. (2011). Dannelse og profesjonell tenking. Utfordringer for lærerutdanningen de neste tiårene. I B. Hagtvatn & G. Ognjenovic (Red.).(2011). *Dannelse. Tenkning, modning, refleksjon.* (s. 735-753).Oslo: Dreyer.

MacNaughton, G. & Hughes, P. (2009). *Doing action research in early childhood. A step by step guide.* New York: Open University press.

Pettersvold, M. (2014). Demokratiforståelser og barns demokratiske deltakelse i barnehagen. *Nordic Studies in Education*,2, 127-147.

Seland, M. (2011). *Livet i den fleksible barnehagen.* Oslo: Universitetsforlaget.

Skoglund, R. I. (2014). Danning i barnehagen: hva kan danningens «mer enn» være? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 98, 36-46.

Steinnes, G. S. (2014). *Profesjonalitet under press? Ein studie av førskulelærarar si meistring av rolla i lys av kvalifiseringa til yrket og arbeidsdelinga med assistentane.* Avhandling 2014 nr 2. Høgskolen i Oslo og Akershus.

Steinsholt, K.& Øksnes, M. (Red.).(2013). *Danning i barnehagen. Perspektiver og muligheter.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Søndenå, K. (2013). Danningens oppmerksomhet. I E. Foss & O.F. Lillemyr (Red.).(2013). *Til barnas beste. Veier til omsorg og lek, læring og danning* (s.172-196). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Thoresen, I. T. (2013). Lanseringen av dannelsbegrepet. I K. Steinsholt & M. Øksnes (Red.). (2013). *Danning i barnehagen. Perspektiver og muligheter* (s. 20- 44). Oslo : Cappelen Damm Akademisk.

Utdanningsdirektoratet (2015). *Barn og ansatte i barnehager i 2014.* Lasta ned 23.juni 2015 frå <http://www.udir.no/Barnehage/Statistikk-og-forskning/Statistikk/Barn-og-ansatte-i-barnehager/Dispensasjoner-og-utdanning/>

Ødegaard, E. E (2012). *Barnehagen som dannelsarena.* Bergen: Fagbokforlaget

Østrem, S. (2012). *Barnet som subjekt. Etikk, demokrati og pedagogisk ansvar*. Oslo: Cappelen Damm.